



I dag (måndag) starta flygingane ved Stord Lufthamn opp etter ferien og lufthamnsjef Jan Morten Myklebust frå Uskedalen (biletet) lokkar med kampanjar og lågpristilbod til og frå Oslo.

Det er no det danske flyselskapet Danish Air Transport som har teke over og dei nyttar flytypen ATZ 42 med ein setekapasite på 48.

Dermed er setekapasiteten dobla samanlikna med SunAir og det vil hjelpa på dagar med stort press. Det er særleg måndag morgon og torsdag ettermiddag dei har hatt trong for fleire seter.

(Foto: innsida.no)